



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Oppvekst- og kulturstyret	17.01.2006	004/06	HSK

Avgjerd av: Saksansv.: Haakon Skjerdal	Arkiv: A20 Objekt:	Arkivsaknr 06/3
---	-------------------------------------	---------------------------

Høyring-Forslag om mellombels endring i friskoleloven-stopp for godkjenning av frittstående skular- forslag til endring i fagskoleloven.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	01.01.2006	Det kgl. utdanning og forskningsdepartementet	Høyring-Forslag om midlertidig endring i friskoleloven-stopp for godkjenning av frittstående skoler forslag til endring i fagskoleloven.
2	U	12.01.2006	Medlemmar/varamedlemmar i oppvekst og kulturstyret	Høyring-Forslag om mellombels endring i friskoleloven-stopp for godkjenning av frittstående skular-forslag til endring i fagskoleloven.

Prenta vedlegg:

”Høyring- Forslag om midlertidig endring i friskoleloven- stopp for godkjenning av frittstående skoler - forslag til endring i fagskoleloven” (Sendt ut saman med møteinnkallinga)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Friskolelova
Fagskolelova

Kva saka gjeld:

Departementet kjem med forslaget om ei mellombels endring i friskulelova for å ”rydde grunnen” for ein meir omfattande og heilskapleg gjennomgang av lova. Departementet meiner mellombelse lovendingar er nødvendige for å stogga veksten i friskular inntil ei ny lov er på plass. Difor inneheld høyringsbrevet forslag om at det ikkje lenger skal vera høve til å godkjenna nye friskular.

Meir omfattande og permanente endringar i friskulelova vil bli sende på høyring hausten 2006 og lagt frem for Stortinget våren 2007.

Bakgrunn for saka:

Departementet seier sjølv at "Bakgrunnen for endringene i friskuleloven er en politisk kursendring. Regjeringen har som sentral målsetting å styrke fellesskolen, og den har et annet syn på friskoler enn hva Bondevik II-regjeringen hadde. Regjeringen ønsker å snu trenden fra vekst i friskoler til en samling av midlene i den offentlige skolen. Regjeringens standpunkt til friskoler ble tydelig presentert i den politiske plattformen for flertalls-regjeringen (Soria-Moria-erklæringen). I erklæringen fremgår det at "Regjeringen vil ... gjennomgå regelverk og støtteordninger for private skoler for å stramme inn utbredelsen av private skoler som ikke utgjør et religiøst eller pedagogisk alternativ til den offentlige skolen".

Saksutgreiing:

Utdannings- og forskningsdepartementet fremjar i brev datert 16.12.2005 forslag til enkelte endringar i lov av juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskulelova) og lov 20.06.2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskoleloven).

Regjeringa ønskjer ei lov som i hovudsak byggjer på den tidlegare privatskulelova, og Utdannings- og forskningsdepartementet, frå 01.01.06 Kunnskapsdepartementet, har sett i gang eit større arbeid med tanke på ei omfattande revidering av friskulelova som samsvarar med regjeringa sin politikk.

Dette høyringsbrevet inneheld forslag om at adgangen til å godkjenna nye friskular blir mellombels oppheva for å stogga veksten i friskular inntil ei ny lov er på plass. Vidare vert det føreslege at godkjende skular som ikkje er i drift 3. desember 2005, ikkje får driva verksemda etter friskulelova.

Departementet kjem òg med forslag om endring i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskoleloven). Endringa går ut på at § 8 andre ledd vert endra. Etter forslaget vil det berre vera skular som er godkjende etter fagskoleloven innan 16. desember 2005, og som er godkjende etter friskulelova, som skal ha tilskot etter reglane i friskulelova.

Forslaget heng saman med at departementet, i samband med den omfattande gjennomgangen av friskulelova som vil bli føreteken, også tek sikte på å avklara forholdet mellom friskular og fagskular. Her vil departementet vurdere om all yrkesretta utdanning utover vidaregåande opplæring bør forankrast i fagskoleloven, slik Stortinget har bedt om i Innst.O.nr.1(2004–2005).

Vurdering:

Skule- og fritidssjefen er samd med departementet i at friskulelova si godkjenningsordning ikkje kan stå ved lag i påvente av endringar i lova. Ein er difor samd i at det vil vera avgjerande, for at ei omlegging av friskuleordninga skal få reelle konsekvensar, at dei mange søknadene (ca. 150) som alt er inne til handsaming, ikkje blir innvilga.

Etter dette vil det berre vera dei frittstående skulane som har starta opp innan 13. desember 2005, som får drive verksemda si etter friskulelova med offentleg støtte. Skular som har fått

—

godkjenning, men ikkje har starta opp innan 13. desember 2005, misser altså godkjenning med tilskot til å drive etter friskulelova.

Departementet tek atterhald om å kunne dispensere der dei føreslegne endringane gir heilt urimelege utslag. Særleg aktuelt er unntak for såkalla grendeskular som følgjer den offentlege læreplanen. I grisgrendte strøk kan det tenkjast at foreldre ønskjer å oppretthalde eller etablere ein lokal skule i tilfelle der den offentlege skulen blir sentralisert. Det er positivt at departementet ikkje ønskjer å ramme slike initiativ med denne lovendringa.

I samband med denne saka, har det vore snakk om ei ev. erstatningssak for økonomisk tap som følgje av lovendringa. Lovavdelinga i Justisdepartementet har utgreidd om det kan tenkjast at staten er erstatningsansvarleg som ei følgje av dei føreslegne endringane. Lovavdelinga seier i ei fråsegn av 30. november 2005:

”Lovavdelingen [finner] det klart at det ikke vil være i strid med Grunnloven § 97 gjennom lov å trekke tilbake tillatelser til drift av friskole i tilfeller der virksomheten ikke er startet opp. Det gjelder selv om det ikke gis erstatning for økonomisk tap som følge av lovendringen. Det er ikke tale om en sterkt urimelig eller urettferdig tilbakevirkning. Vi finner grunn til å peke på at en her ikke befinner seg i grenseområdet for hva som vil rammes av tilbakevirkningsforbudet i Grunnloven § 97. Vi tilføyer at vi ikke kan se at det på annet grunnlag generelt skulle være rom for et erstatningsansvar for staten for økonomisk tap som følge av at Stortinget ved lov trekker tilbake tillatelser til å drive friskole i samsvar med det som er skissert foran.”

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune ønskjer å gje følgjande høyringsfråsegn i samband med ”Forslag om midlertidig endring i friskoleloven- stopp for godkjenning av frittstående skoler - forslag til endring i fagskoleloven”:

A. Forslag til endringar i friskulelova

§ 1-1 første ledd nytt annet punktum skal lyde:

Det skal mellombels ikkje givast godkjenning til nye frittstående skolar eller tilskot til godkjende skolar som ikkje er i drift 13. desember 2005, jf. §§ 1-5, 2-1, 2-2 og 6A-1.

Kommunen sin merknad: Eid kommune har ingen merknad til dette punktet.

§ 1-5 skal lyde:

Det skal mellombels ikkje givast løyve til avvik frå lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Berre godkjende skolar som er i drift 13. desember 2005, har rett til tilskot etter lova.

Kommunen sin merknad: Eid kommune har ingen merknad til dette punktet.

§ 2-1 første til tredje ledd skal lyde:

Det skal mellombels ikkje givast godkjenning til nye frittstående grunnskolar. Berre godkjende skolar som er i drift 13. desember 2005, har rett til tilskot og til å drive

verksemd etter lova. Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå dette dersom skolen oppfyller krava i lova. Departementet kan godkjenne driftsendringar.

Den enkelte skolen må gi opplæring på norsk eller samisk.

Høvet til godkjenning gjeld berre dersom etableringa av skolen ikkje vil medføre vesentlege negative følgjer for vertskommunen. Vertskommunen skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka.

Kommunen sin merknad: Eid kommune har ingen merknad til dette punktet, men ønskjer ei meir detaljert presisering av kva som ligg i ” særlege tilfelle”.

§ 2-2 første til tredje ledd skal lyde:

Det skal mellombels ikkje givast godkjenning til nye frittstående vidaregåande skolar. Berre godkjende skolar som er i drift 13. desember 2005, har rett til tilskot og til å drive verksemd etter lova. Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå dette dersom skolen oppfyllar krava i lova. Departementet kan godkjenne driftsendringar.

Den enkelte skolen må gi opplæring på norsk eller samisk.

Høvet til godkjenning gjeld berre dersom etableringa av skolen ikkje vil medføre vesentlege negative konsekvensar for vertsfylket. Vertsfylket skal gi fråsegn før departementet gjer vedtak i saka.

Kommunen sin merknad: Eid kommune har ingen merknad til dette punktet, men ønskjer ei meir detaljert presisering av kva som ligg i ” særlege tilfelle”.

§ 6A-1 første ledd skal lyde:

Det skal mellombels ikkje givast godkjenning til nye vidaregåande skolar i Noreg som har til føremål å gi yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved offentlege vidaregåande skolar. Berre godkjende skolar som er i drift 13. desember 2005, har rett til tilskot og til å drive verksemd etter lova. Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå dette dersom skolen oppfyllar krava i lova. Departementet kan godkjenne driftsendringar. For skolar som er godkjende etter paragrafen her, gjeld reglane i dette kapitlet.

Kommunen sin merknad: Eid kommune har ingen merknad til dette punktet, men ønskjer ei meir detaljert presisering av kva som ligg i ” særlege tilfelle”.

B. Forslag til endringer i fagskoleloven

§ 8 annet ledd skal lyde:

Skoler som er godkjent etter denne loven innen 16. desember 2005, og som er godkjent etter friskolelova, skal ha tilskudd etter reglene i friskolelova.

Kommunen sin merknad: Eid kommune har ingen merknad til dette punktet.

17.01.2006 OPPVEKST- OG KULTURSTYRET

OK-004/06 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart vedteken samrøystes.

Per Kr. Storevik
-rådmann-